



Tippetue Arkitekter AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1590 - 14/10640

Saksbehandlar:

Bjarte Buanes

bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:

01.07.2014

Godkjenning - søknad om løyve til igangsetting av grunn-, betong- og utandørs røyrrarbeid på Løypetona B2 - blokk 1 på gbnr. 23/509 i Meland kommune

Administrativt vedtak. Saknr: 182/2014

Saksutgreiing

Tiltak:

Det vert vist til søknad journalført 2.4.2014 om løyve til igangsetting (IG) av grunn-, betong- og utandørs røyrrarbeid innanfor Løypetona B2 (blokk 1) på gbnr. 23/1 i Meland kommune, jf. Plan- og bygningsloven (pbl.) §§ 20-1 og 21-2 femte ledd.

Det er tidlegare gitt rammeløyve på vilkår i same sak, jf. vedtak av 26.9.2014 i DNT-sak 369/13. Saman med rammeløyvet vart det òg godkjent situasjonskart, terrengprofilar og plan-, snitt- og fasadeteikningar.

Gjennom vedtak av 12.6.2014 i DNT-sak 153/2014 vart søknad om samla opparbeiding av utomhusareal innanfor byggjefelt B2 handsama og godkjent. Saman med dette byggjeløyvet vart det godkjent eit nytt situasjonskart med fire tilhøyrande situasjonsplanar som erstattar situasjonskartet som vart godkjent gjennom rammeløyvet.

Det omsøkte tiltaket stettar ikkje reguleringsplanen sitt krav om minimum 25m² privat uteopphaldsareal pr. buening, men gjennom vedtak av 23.6.2014 i DNT-sak 163/2014 vart det gitt naudsynt dispensasjon frå dette kravet.

Det vert vist til søknaden om IG m/ vedlegg i sin heilskap.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Sakshandsamingsfrist:

Søknaden om IG var ikkje komplett då den vart motteken, ettersom tiltaket var avhengig av dispensasjon frå planføresegnene. Slik dispensasjon vart gitt 23.6.2014, og søknaden vart dermed komplett og klar for handsaming på same tidspunkt, jf. pbl. § 21-7 og Saksbehandlingsforskriften (SAK10) § 7-1 første ledd, bokstav b og § 7-2. Vedtaket om IG er på denne bakgrunn rettidig fatta.

Vurdering

Planstatus:

Det vert vist til vedtak om rammeløyve med tilhøyrande vurdering og vilkår.

På bakgrunn av høvesvis føreliggjande søknad m/ vedlegg og vedtaket om dispensasjon i DNT-sak 163/2014 vert tiltaket vurdert til å vere i samsvar med gjeldande reguleringsplan.

Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknaden om rammeløyve. Føreliggjande søknad om IG inneheld ikkje endringar som gjer det naudsynt med ytterlegare varsling.

Godkjenning av føretak for ansvarsrett:

I tillegg til føretaket som vart godkjent med ansvarsrettar gjennom rammeløyvet (SØK og PRO arkitektur fram til rammeløyve) vert det no søkt om godkjenning av ansvarsrett for PRO av høvesvis uteareal og landskapsutforming og vassforsynings- avlaups og fjernvarmeanlegg (tkl. 2), UTF av høvesvis grunnarbeid, betongkonstruksjonar og utvendige sanitær-, varme- og sløkkjeinstallasjonar (tkl. 2) og KONT av høvesvis konstruksjonstryggleik, geoteknikk og bygningsfysikk (tkl. 2).

Alle føretaka har sentralgodkjenningar som dekker dei aktuelle ansvarsområda.

Om godkjenning av ansvarsrettar for funksjonane SØK, PRO, UTF og KONT tilknytt felles utomhusareal vert det vist til vedtak av 12.6.2014 i DNT-sak 153/2014.

Av føreliggjande søknad går det elles fram at andre funksjonar og oppgåver vert omsøkt med ansvarsrettar i samband med føreståande søknad om IG for bustadoppføringa. Administrasjonen viser i den samanheng til pbl. § 23-4 andre ledd: «*Ansvarlig søker skal samordne de ansvarlige prosjekterende, utførende og kontrollerende, og påse at alle oppgaver er belagt med ansvar.*»

Ansvarsrettar vert på denne bakgrunn godkjent som følgjer:

Føretak	Funksjon og ansvarsområde	Tiltaksklasse
Haugen VVA AS Org.nr. 911 566 664 Sentralt godkjent	PRO vassforsynings-, avlaups- og fjernvarmeanlegg	2
	PRO uteareal og landskapsutforming	2

Drange Maskin AS Org.nr. 977 056 306 Sentralt godkjent	UTF grunnarbeid	2
	UTF betongkonstruksjonar	2
	UTF utv. sanitær-, varme- og sløkkjeinstallasjonar	2
Rambøll Norge AS Org.nr. 915 251 293 Sentralt godkjent	KONT konstruksjonstryggleik	2
	KONT geoteknikk	2
	KONT bygningsfysikk	2

Tilknytning til infrastruktur, parkeringsdekning og utnyttingsgrad:

Det vert vist til høvesvis gitt rammeløyve og vedtak om dispensasjon i DNT-sak 163/2014, idet tiltaket vert vurdert til å støtte krava til infrastruktur i pbl. kap. 27 og reguleringsplanen sine føresegner om parkeringsdekning og utnyttingsgrad.

Tilkopling til kommunalt VA-anlegg må omsøkjast særskilt og seinast samstundes med søknad om bruksløyve, jf. vilkår i vedtaket nedanfor.

Tiltaket si plassering, utforming utsjånad, høgde og avstand frå nabogrenser:

Det vert vist til gitt gitt rammeløyve med tilhøyrande terrengprofilar og teikningar, ettersom det gjennom søknaden om IG ikkje er gjort endringar i høve til plassering, utforming utsjånad, høgde og avstand frå nabogrenser. Om opparbeiding av utomhusareal vert det elles vist til gitt byggjeløyve i DNT-sak 153/2014.

Vedtak

«Meland kommune gir i medhald av Plan- og bygningsloven (pbl.) §§ 20-1 bokstav a, f, k og l løyve til igangsetting (IG) av grunn-, betong- og utandørs røyrlarbeid innanfor Løypetona B2 (blokk 1) på gbnr. 23/1 i Meland kommune på følgjande vilkår:

1. Rammeløyve av 26.9.2013 med vilkår gjeld for tiltaket.
2. Terrengprofilar og teikningar godkjent 26.9.2013 i samband med rammeløyve gjeld fortsatt.
3. Situasjonsskart og planteikningar over utomhusareal godkjent 12.6.2014 gjeld for tiltaket.
4. Vass- og avlaupsplan vedlagt søknaden om IG gjeld for heile byggjeområde B2.
5. Før det vert gitt bruksløyve må det søkast særskilt om tilkopling til kommunalt VA-anlegg.
6. Før påkopling til VA-anlegg monterast trykkauke i samsvar med notat 17.2.14 frå Haugen VVS

Tiltaket skal elles gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl., så

framt ikkje anna følgjer av vedtaket om dispensasjon i DNT-sak 163/2014 eller vurderinga over.

Med heimel i plb. § 23-3 jf. §§ 23-4 (SØK), 23-5 (PRO), 23-6 (UTF) og 23-7 (KONT) gir kommunen godkjenning for ansvarsrett som omsøkt, jf. vurderinga over.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. Matrikkelloven. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Byggjeløyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyvet vart gitt, eventuelt dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf. pbl. § 21-9.»

Saka er handsama og godkjent administrativt i medhald av delegert mynde.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf. vedlagte skjema.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt, jf. Gebyrregulativ (2014)

Med venleg helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
FAKTURAVEDLEGG 2014

Kopi til:
JM Norge AS

